

18. juli 2022

Varsel om endring av reguleringsplan for Mjåtveit næringsområde

I medhald av plan- og bygningslova § 12-14 vert det varsla om endring av reguleringsplan for Mjåtveit næringsområde, gnr./bnr. 322/218 mfl., Alver kommune, planID 1256 2012 0001 og saksnr. 22/682.

Forslagsstillar er Mjåtveit næringspark. Utførande konsulent for planarbeidet er HOLON Arkitektur AS.


Formålet med reguleringsplanendringa er å leggje til rette for lagerverksemd søraust i planområdet. Dette vert gjort ved presisere arealformålet som i gjeldande plan er delt på tre arealformål regulert for høvesvis *Næring/Offentleg eller privat tenesteyting, Næring/Forretning/Kontor* og *Næring/Industri/Lager*. Det nye arealformålet vert *Næring*, og føresegnene definerer nærare kva for bygningstypar og tiltak som vert tillatne innanfor området.

Endringa inneber òg justering av regulerte vegar slik at dei samsvarar med bygde vegar slik dei er godkjente i byggesaker. Det vert retta opp i føresegnene, slik at dei samsvarar betre med vedtatt reguleringsplan, enn dei har vist seg å gjere.

Følgjande endringar er gjort i plankartet:

- Erstatte *N/OPT01* med *NÆ* (Næring), og endra storleiken på *N/F/K02* og *N/IND/L01* i samsvar med nytt formål.
- Justert *o_EA01* til som bygd og frådelt.
- Flytta *o_EA02*.
- Endra *o_AVT02* til *f_AVT02* i samsvar med reguleringsføresegnene.
- Fjerna regulerte avkøyrsløyper.
- Endra geometri *f_KV02*, *f_KV03* og *f_FT03* i kryss til som bygd.
- Forkorta *f_KV04* og *f_FT04*.
- Lagt til ny tilkomstveg *f_KV05*.
- Slått saman formåla *f_LNFRN01* og *f_LNFRN03* som følgje av at vegen på tvers vert regulert bort.

HOLON



Endringar i føresegnene går fram av vedlegget «Gjeldande føresegner med endringar» der alle strykingar og tilføyningar er vist i raudt.

På vår heimeside finn du meir informasjon: <https://holon.no/kunngjoringer/>

Merknader og innspel til endringar av reguleringsplanen kan sendast til:
HOLON Arkitektur AS, Kanalveien 11, 5068 Bergen, eller e-post: post@holon.no

Merk alle meldingar med vår referanse «22031». Frist for merknader er sett til **2. september 2022.**

Alle mottatte innspel og merknader blir vurdert og lagt ved innsendinga til Alver kommune for sakshandsaming. Det er difor ikkje naudsynt å sende kopi til kommunen. Spørsmål kan rettast til HOLON Arkitektur AS ved Jan Espen Vik på e-post janespen@holon.no, eller tlf. 55 30 06 00.

Kanalveien 11
5068 Bergen

+47 55 300 600
post@holon.no

Med beste helsing

Jan Espen Vik
HOLON Arkitektur